



Intubasjonsopplæring på avlidne nyfødde - kva meiner foreldra?

ARTIKKEL

GARNES MK

VASSBØ K

FØRDE R

Sammendrag

Intubasjon av nyfødde er ein teknisk vanskeleg prosedyre, og trening er heilt nødvendig. I Noreg har intubasjonstrening på nyleg avlidne barn lenge vore gjort utan at foreldra er spurt. Rådet for legeetikk har tilrådd at ein skjult praksis må opphøyre. I staden tilrår rådet informert samtykke eller eventuelt presumert samtykke. I denne undersøkinga blei foreldre som hadde mist eit barn i svangerskapet eller i løpet av det første leveåret kontakta via barneavdelinga ved det sjukehuset som hadde behandla barnet/følgd opp foreldra etter dødsfallet. Ved hjelp av spørjeskjema bad vi om foreldra sine haldningar til å la eit nyleg avlident barn bli brukt av legar for opplæring i intubasjon av nyfødde. Av 73 foreldre som svarte, oppgav 78% at dei ville svart ja til at barnet deira blei brukt til intubasjonstrening. Dei fleste oppgav ynsket om å hjelpe andre som grunn. 6% av foreldra meinte at dei ville svart nei på eit slikt spørsmål. 60% av alle meinte at det er nødvendig å spørje foreldra før trening blir gjort, medan 22% meinte at det burde kunne gjerast uten spørsmål. 7% oppgav at eit slikt spørsmål ville gjort dei opprørte. 64% av foreldra stilte seg negative til trening på grunnlag av presumert samtykke. Det er sannsynleg at vi legar, for å verne dei, for ofte lar vere å spørje pasientar og pårørande. I denne undersøkinga gir pårørande klart uttrykk for at dei vil bli spurt, og at dei ser behovet for å bidra til at legar skaffar seg god nok kompetanse.

Publisert: 17. oktober 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI:

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no